Årsoppgjer 2021

Modalen Kraftlag SA



Org. Nr. 877051412

MODALEN KRAFTLAG SA

Årsmelding 2021

STYRET:

Vibeke Thorsen(leiar)
Jan Arild Steinsland (nestleiar)
Barbro Rolland (styremedl.)
Torbjørn Aas (styremedl.)
Bjørn Helland (tilsett)

Det er halde 4 styremøter i 2021 og det er handsama 36 saker.

DRIFTSPERSONALET/ADMINSTRASJON

Maskinmeisterass./montør:	**Stian Steinsland 100%**
Maskinmeisterass./overmontør:	**Bjørn Helland 100%**
Maskinmeister/overmontør:	**Knut Helland 100%**
Rekneskap/sekretær:	**Aud Marit B. Bergo 60%**
E-verk sjef:	**Per Bjarte Hanstveit(innleigd)**

Det har vorte gjennomført lønnsreguleringar i 2021.

PRODUKSJON
Det har vore normal/god produksjon.
Inntekta på tilf. kraft var kr 6 583 358 i 2021,- mot kr kr 827 128,- i 2020.
Kraftlaget har ikkje hatt nokon fastavtale for kraft i 2021.
Produksjonen vert seldt til spotpris. Spotprisen varierar frå dag til dag og har våre noko høg i siste halvår. Det var ein snitt pris på 63,4 øre/kWh.

KRAFTSTASJONAR
Produksjonsmessig har det våre eit bra år med ein produksjon på 8,9 GWh i 2021.Til samanlikning vart det produsert 8,7 GWh i 2020. Prisane har våre gode stort sett heile året.

I Hellandsfossen er det støypt propp i gammalt inntak og bytt lysarmaturer til LED i kraftstasjon.

Hellandsfoss
Anlegget har produsert 7,95 GWh i 2021

Budalselva
Anlegget har produsert 0,913 GWh i 2021

NYBYGG
Høgspent 22kv
Det er utført 1 stolpeskifte. På linje Nygard er det bytta 22KV bryter då den var defekt.Det er lagt ned ny 22KV kabel i trafo 111 Neset då der var kabelfeil.

Lågspent
Det er utført kabling til nytt kommunehus på Mo.Det er utført kabling straum til Elvikagården + tilhøyrande naust.Det er og utført diverse kabling på Øvre Helland.
Det er gjort utskifte på 5 dårlege stolper.

Penneo Dokumentnøkkel: KVIE0-2IVDCI-Y5S11-DAEA7-D1B4Z-00DIQ

VEDLIKEHALD

Veglys
Vedlikehald av lamper. Har og hatt noko vedlikehald på høg og lågspent linjer.
Admnistrasjons bygget og Budal Kraftverk vart måla om sommaren av dei tilsette.

AMS MÅLARAR

Her har det vore svært mykje jobb i år og. Det har vore tidkrevjane då det er svært mange målere me ikkje får kontakt med. Pr 31.12.2021 er det ca 90 stk me ikkje får kontakt med. Hovudsakeleg på Krossen/Nygard. Det har våre forsøkt bytt modem i fleire uten at det har vorte noko betre. Problemet er at modema har telia simkort. Modema kobler seg ikkje lika lett opp på Telenor sitt nett sjølv om dei eigentleg skal dette uten problem. Har hatt samtalar med BKK for å komme fram til ei løysing.
Pr 30.04.2022 ser det ut til at me har fått modem som virker som dei skal.

KJØP OG SAL AV KRAFT

Kraftlaget kjøper konsesjonskraft frå BKK for sal til abonnentane.
I 2021 er det seldt 8,24 Gwh til abonnentane. Det er kjøpt inn 9,6 Gwh kraft. Dette gir et tap på 12,1 %.
Normalt vil nettapet ligge mellom 5-12 %.

INVESTERING

Modalen Kraftlag gjekk til anskaffelse av ny vaktbil då den gamle ikkje ville meir og vart for dyr å reparere. Den er leasa.

REKNESKAP/ØKONOMI/FAKTISKE TILHØVE

Normal produksjon og gode straumpriser deler av året, i kombinasjon med låge vedlikehaldsutgifter, gjer at Modalen Kraftlag SA går med overskot i 2021. Samla overskot for 2021 er kr. 3 836 614. 2022 teiknar til å bli endå betre, men er særs avhengig av straumprisen. Grunnlag for vidare drift er til stades.

LIKESTILLING

Av selskapets tilsette er det 3 menn og 1 kvinne. Styret er samansett av 3 menn og 2 kvinner. Selskapet har ein policy som tek sikte på at det ikkje skal forekomma forskjellsbehandling grunna kjønn.

ÅRSMELDING

Verksemda driv med kraftomsetning, kraftproduksjon og kraftoverføring. Verksemda si aktivitet er retta mot innbyggjarane og industrien i Modalen kommune, og god eigenproduksjon av kraft. Verksemda sin økonomi er god, då det er ein fast kundemasse og god eigenproduksjon.

Årsregnskapet og årsmelding for 2021 for Modalen Kraftlag SA er satt opp under føresetnad av fortsatt drift. Utsiktene for 2022 vurderast som gode. Styret meiner at arbeidsmiljøet og den generelle trivsel på arbeidsplassen er god. Ein reknar ikkje med at verksemda medfører skade på det ytre miljø.
Det har vore lite mannskap i 2021. Ein ansatt var sjukemeldt dei tre fyrste mnd av 2021 og ein ansatt slutta i 2021.

MEIR/MINDREINNTEKT

NVE fastset kvart år ei inntektsramme for kor mykje selskapet kan ta betalt for overføringstenester. Denne inntektsramma var 3 967 000 for 2021. Selskapet hadde ein meirinntektsaldo på kr 1 369 333 pr 01.01.2021.Selskapet har hatt kr 668 855 i mindreinntekt i 2021,slik at meirinntektsaldoen var kr 700 478 pr. 31.12.2021

Penneo Dokumentnøkkel: KVIE0-2IWDO-Y5S1I-DAEA7-DTB4Z-QODIQ

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

VIBEKE THORSEN
Styreleder
Serienummer: 9578-5990-4-2832942
IP: 85.200.xxx.xxx
2022-06-14 07:11:40 UTC
bankID

Barbro Rolland
Styremedlem
Serienummer: 9578-5993-4-1637399
IP: 51.174.xxx.xxx
2022-06-14 07:31:12 UTC
bankID

Bjørn Helland
Styremedlem
Serienummer: 9578-5999-4-1931431
IP: 85.200.xxx.xxx
2022-06-14 08:48:07 UTC
bankID

Torbjørn Aas
Styremedlem
Serienummer: 9578-5993-4-3453239
IP: 51.174.xxx.xxx
2022-06-14 16:37:28 UTC
bankID

Jan Arild Steinsland
Nestleder
Serienummer: 9578-5993-4-2359433
IP: 51.174.xxx.xxx
2022-06-14 17:02:55 UTC
bankID

Penneo Dokumentnøkkel: KVIE0-2WDOI-Y5511-DAEA7-DTBAZ-O0DIQ

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er orginalen?
Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - **https://penneo.com/validate**

Resultatregnskap

Modalen Kraftlag SA

Driftsinntekter og driftskostnader	**Note**	**2021**	**2020**
Salgsinntekt	9	11 291 636	5 486 654
Anna driftsinntekt	12	1 674 372	1 029 177
Sum driftsinntekter		**12 966 007**	**6 515 831**
Varekostnad		1 593 704	2 270 278
Endring varelager		-56 886	-96 794
Lønnskostnad	4, 6, 11	2 958 405	2 511 336
Avskrivning på driftsmidlar	1	1 327 807	1 459 927
Anna driftskostnad	6	3 350 811	3 339 040
Sum driftskostnader		**9 173 841**	**9 483 787**
Driftsresultat		**3 792 166**	**-2 967 956**
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna finansinntekt		120 470	806
Anna finanskostnad		45 187	35 171
Resultat av finanspostar		**75 283**	**-34 365**
Ordinært resultat før skattekostnad		3 867 449	-3 002 322
Skattekostnad på ordinært resultat	8	30 835	-89 061
Ordinært resultat		**3 836 614**	**-2 913 261**
Årsresultat		**3 836 614**	**-2 913 261**
Overføringer			
Avsett til anna eigenkapital		3 836 614	-2 913 261
Sum overføringar		**3 836 614**	**-2 913 261**

Penneo Dokumentnøkkel: 0QF11-P7HNT-C4QWW-QPDCY-XQ1SP-GGPH6

Balanse

Modalen Kraftlag SA

Eigedelar	Note	2021	2020
Anleggsmidlar			
Immaterielle eigedelar			
Konsesjonar	1, 13	1 011 582	1 011 582
Sum immaterielle eigedelar		**1 011 582**	**1 011 582**
Varige driftsmidlar			
Tomtar, bygningar og anna fast eigedom	1	1 329 485	1 451 022
Maskiner og anlegg	1	11 062 665	11 823 737
Driftslausøyre, inventar og anna utstyr	1, 7	712 367	859 675
Sum varige driftsmidlar		**13 104 518**	**14 134 434**
Finansielle anleggsmidlar			
Andel KLP		134 431	134 431
Sum finansielle anleggsmidlar		**134 431**	**134 431**
Sum anleggsmidlar		**14 250 531**	**15 280 447**
Omlaupsmidlar			
Lager av varer	3	961 384	904 498
Fordringar			
Kundefordringar	2, 7	4 885 113	1 972 682
Andre kortsiktige fordringar	2	10 208	128 376
Sum fordringar		**4 895 321**	**2 101 058**
Bankinnskot, kontantar o.l.	10	2 757 327	654 144
Sum omlaupsmidlar		**8 614 032**	**3 659 699**
Sum eigedelar		**22 864 563**	**18 940 146**

Penneo Dokumentnøkkel: 0QFI1-P7HNT-C4QWW-QPDCY-XQ1SP-GGPH6

Balanse

Modalen Kraftlag SA

Eigenkapital og gjeld	Note	2021	2020
Innskoten eigenkapital			
Andelskapital	5	87 000	87 000
Sum innskoten eigenkapital		**87 000**	**87 000**
Opptent eigenkapital			
Anna eigenkapital		17 997 948	14 161 334
Sum opptent eigenkapital		**17 997 948**	**14 161 334**
Sum eigenkapital		**18 084 948**	**14 248 334**
Gjeld			
Langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	7	1 320 265	1 710 017
Anna langsiktig gjeld	7	224 040	260 027
Sum anna langsiktig gjeld		**1 544 305**	**1 970 044**
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 598 489	969 445
Betalbar skatt	8	30 835	27 603
Skyldig offentlige avgifter		640 650	-47 233
Anna kortsiktig gjeld		965 337	1 771 954
Sum kortsiktig gjeld		**3 235 311**	**2 721 769**
Sum gjeld		**4 779 615**	**4 691 813**
Sum eigenkapital og gjeld		**22 864 563**	**18 940 146**

Modalen
Styret i Modalen Kraftlag SA

Vibeke Thorsen styreleder	Jan Arild Steinsland nestleder	Torbjørn Aas
Bjørn Helland		Barbro Rolland

Penneo Dokumentnøkkel: 0QF1I-P7HNT-C4QWW-QPDCY-XQ1SP-GGPH6

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

VIBEKE THORSEN
Styreleder
Serienummer: 9578-5990-4-2832942
IP: 85.200.xxx.xxx
2022-06-13 11:27:31 UTC
bankID

Bjørn Helland
Styremedlem
Serienummer: 9578-5999-4-1931431
IP: 51.174.xxx.xxx
2022-06-13 12:58:19 UTC
bankID

Barbro Rolland
Styremedlem
Serienummer: 9578-5993-4-1637399
IP: 51.174.xxx.xxx
2022-06-14 07:25:24 UTC
bankID

Jan Arild Steinsland
Nestleder
Serienummer: 9578-5993-4-2359433
IP: 51.174.xxx.xxx
2022-06-14 17:10:53 UTC
bankID

Torbjørn Aas
Styremedlem
Serienummer: 9578-5993-4-3453239
IP: 85.200.xxx.xxx
2022-06-15 12:44:58 UTC
bankID

Penneo Dokumentnøkkel: 0QFI1-P7HNT-C4QWV-QPDCY-XQ1SP-GGPH6

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er orginalen?
Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - **https://penneo.com/validate**

NORDHORDLAND Revisjon

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Til årsmøtet i Modalen Kraftlag SA

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon
Vi har revidert Modalen Kraftlag SA sin årsrekneskap som viser eit overskot på kr 3 836 614. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2021, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen, og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining
- er årsrekneskapen som følgjer med, gjeve i samsvar med lov og forskrifter, og
- gjer eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2021, og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen
Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er omtala under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon
Leiinga er òg ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon består av informasjon i årsmeldinga.

Våre fråsegner om revisjonen av årsrekneskapen og om andre lovmessige krav dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjonen og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og rekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at slik informasjon inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styrets og dagleg leders ansvar for årsregnskapet
Styret og dagleg leiar en ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for slik intern kontroll som ho finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å handle fram med drifta og opplyse om tilhøve av betydning for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisors oppgåver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet
Vårt mål er å oppnå tryggjande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som gir uttrykk for meininga vår. Tryggjande sikkerheit er ein høg grad av sikkerheit, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil

Penneo Dokumentnøkkel: BGUW0-U1YOI-L8P0W-OJSO4-0KB7J-X14QU

som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som ein del av revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, herunder ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg

- Identifiserer og vurderer vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i rekneskapen, enten det skuldast mislegheiter eller utilsikta feil. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handsame slike risikoar, og innhentar revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av mislegheiter ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast utilsikta feil, sidan mislegheiter kan innebere samarbeid, forfalsking, medviten utelating, uriktige framstillingar eller overstyring av intern kontroll.
- Opparbeider vi oss ei forståing av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstendene, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll.
- Evaluerer vi hensiktsmessigheita av nytta rekneskapsprinsipp, og rimelegheita av rekneskapsestimat og tilhøyrande noteopplysningar utarbeidd av leiinga.
- Konkluderer vi på hensiktsmessigheita av leiinga sin bruk av føresetnaden om framleis drift ved avlegginga av årsrekneskapen, basert på innhenta revisjonsbevis, og i kor vidt det føreligg vesentleg usikkerheit knytt til hendingar eller forhold som kan skape tvil av betyding om selskapet si evne til framleis drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg usikkerheit, er det krav om at vi i revisjonsmeldinga rettar merksemda på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer vår konklusjon om årsrekneskapen og årsberetninga Våre konklusjonar er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgande hendingar eller forhold kan imidlertid medføre at selskapet ikkje held fram drifta.
- Evaluerer vi årsrekneskapen sin totale presentasjon, struktur og innhald inkludert tilleggsopplysningane, og kor vidt rekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gjev eit rettvisande bilete.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om planlagt omfang av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om forhold av betydning som vi har avdekka i løpet av revisjonen, herunder om eventuelle svakheiter av betydning i den interne kontrollen.

Isdalstø, 15.juni 2022
Nordhordland Revisjon AS

Janne Eraker
Statsautorisert revisor

Penneo Dokumentnøkkel: BGUW0-U1YOI-L9P0W-QJSO4-0KB7J-X14QU

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Janne Eraker
Statsautorisert revisor
Serienummer: 9578-5995-4-105767
IP: 85.200.xxx.xxx
2022-06-15 14:19:26 UTC

bankID

Penneo Dokumentnøkkel: BGUW0-U1YOI-L8P0W-QJSO4-0KB7J-X14QU

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er orginalen?
Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service <penneo@penneo.com>**. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - **https://penneo.com/validate**